



Pål Ingmar, Tobias, Amund og Anna Elisabeth ventar på velfortente premiar

I går, torsdag, vart det fjerde og siste løpet i nyskapinga Kvinnheradskarusellen i terrengløp arrangert. Dei 4 siste torsdagane har det no vore terrengløp rundt i bygdene, først i Herøysundet, så i Uskedalen og dei to siste på Husnes.

Det har vore stor interesse og god deltaking i karusellen. Til saman har over 120 deltakarar vore med, og både sportsleg og sosialt har dei 4 torsdagane vore svært vellukka. I løpet på Husnes var det deltakarar frå 7 ulike idrettslag.



[Anna Elisabeth og Ruth Maria i mål etter flott innsats.](#)

I løpet torsdag var det 22 deltakere fra Uskedal idrettslag, og totalt har 33 løparar herfrå delteke i karusellen. Det er flott og vitnar om god aktivitet. Alle har vist flott innsats, og fleire nye løpartalent har vist seg fram.



Frå starten i yngste klasse

Dei som har delteke i minst 3 av dei 4 løpa fekk utdelt ein spesiell statuett laga til Kvinnheradskarusellen 2014. Under løpet torsdag var det og lagt inn Kvinnheradsmeisterskap i terrengløp for dei som er 10 år og eldre. Løypelengdene varierte frå 350 til 2700 meter og var lagt til det nye aktivitetsområdet i Lunden rundt Husnes stadion. For publikum var det høve til å kjøpe kaffi, sjokolade og frukt og kose seg med det.



Torbjørn, Joacim, Pål Ingmar og Mathias kosa seg i ventetida.

Desse 8 uskedelingane under 10 år deltok i siste karuselløpet: Isak S. Taranger, William Samland Eik, Amund Berge-Soldal, Linnea M. Ripel, Pål Ingmar Haugland, Tobias Berge-Soldal, Anna Elisabeth S. Eik og Ruth Maria Myklebust. Resten var gamle nok til å delta i KM, og de finn dei i saka som omtalar det. Kvinnheradskarusellen har vore eit så vellukka tiltak at vi håpar det årvisst arrangement som laga samarbeider om.



Thea, Andrea, Amalie og Camilla dominerte i 12 årsklassen. Her i selskap med Kvinnersmeister Emma.
Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.